

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 09.11.2017

I samband med **RS 22/17 Ad. Servicelinjer på tvers av bydelene – svarbrev frå SKYSS** vil Synnøve Solbakken ta dette opp i utval for miljø og samferdsel.

I samband med **RS 23/17 Fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse – tilbakemelding frå fylkestannlegen** vil Kåre Ystanes skrive nytt brev til fylkestannlegen, men sende dette til rådsmedlemene først.

I samband med **RS 24/17 Ad. eldre døve som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland** vil Synnøve Solbakken be Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om å ta opp saken der. Gunda Sparre sender formelt svar til Tollak Hjelmervik om dette.

I samband med **RS 25/17 Forslag til endringar i TT-ordninga** vart Høyring om forslag til endringar i TT-ordninga m/saksframlegg til utval for miljø og samferdsel/fylkesutvalet og Forskrift om Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland delt ut i møtet. Høyringsfrist 31.12.2017. Rådet vart einig om å ta dette som politisk sak på neste møte.

I samband med **RS 26/17 Svar på spørsmål om innfartsparkering frå Silje** Hjemdal vil Synnøve Solbakken ta dette vidare til utval for miljø og samferdsel. Inger Sjong sender oppmoding om dette via Solbakken.

I samband med **RS 27/17 Spørsmål og svar i møte 08.06.2017 i utval for miljø og samferdsel, Parkeringsmuligheter i Birkelandsskiftet** vil Gunda Sparre følge opp med brev som vert RS neste møte.

I samband med **RS 28/17 Økonomi – kort status** slutta fylkeseldrerådet seg til at foreslått budsjett kr 420 000 for 2018 er greitt.

Vedtak

Fylkeseldrerådet tek øvrige referatsaker til orientering.